

Invitasjon til nettverkssamling 3.-4. november til alle ungdomsråd i Hordaland

3. og 4. november vert det arrangert nettverkssamling for ungdomsråd og ungdommens kommunestyre i Hordaland ved **Scandic Kokstad**. I den anledning har Ungdommens fylkesutval glede av å kunne invitere **3 personer** frå dykkar Ungdomsråd/Ungdommens kommunestyre til å delta. Dersom kommunen din ikkje har eit ungdomsråd kan to representantar frå kommunen delta.

Målet for samlinga er samarbeid mellom ungdomsråda og Ungdommens fylkesutval, men tema vil vere ungdomsmedverknad. I tillegg vil samlinga ha fokus retta mot førebuing til Ungdommens fylkesting som vert arrangert i februar.

Eigenandelen er 1500 kr per deltagar. Dette dekker alt unntatt reise til og frå. Fristen for påmelding er 14. oktober, og må gjerast gjennom denne linken:
<https://www.hordaland.no/nn-NO/kalender/nettverkssamling--ungdomsmedverknad/>

Dersom du ønskjer å kome med innspel til programmet kan det sendast til ungdommens.fylkesutval@hfk.no. For praktisk informasjon, ta kontakt med Silje Lyngstad, silje.lyngstad@hfk.no, [92865813](tel:92865813).

Ungdommens fylkesutval ønskjer dykk ein god start etter ferien og ser fram imot å sjå de på nettverkssamlinga.

Marius Hellan Hindenes
leiar

Silje Lyngstad
rådgjevar